

**Fra:** Grethe Marie Sandvik (grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no)

**Sendt:** 12.07.2019 10:54:37

**Til:** 'bengt ole myklebust'

**Kopi:**

**Emne:** VS: VS: Salg av areal leikeplass i halsabrotet uskedalen 123/197

**Vedlegg:**

Hei

Viser til sak som gjeld sal av kommunalt areal som grenser til eksisterande leikeplass i Halsabrotet.

Eg har no diskutert ditt spørsmål om å overføre vederlag for grunn til velforeninga, sjå e-postar under.

Ut frå drøftingar i saka, så må eg gje avslag på dykkar søknad.

Kommunen får stadig henvendingar frå burettslag, velforeningar osv om behov for bidrag til tiltak som vi må avvise.

Å gje Halsabrotet Vel eit tilskot i denne saka ville vore urettferdig overfor alle dei andre som søker og ville også laga presedens i liknande saker.

Beklagar dette.

Med helsing

**Grethe Sandvik** | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** Per Inge Naterstad

**Sendt:** 11. juli 2019 13:37

**Til:** Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; Grethe Marie Sandvik <grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no>

**Kopi:** Jarle Fossheim <jarle.fossheim@kvinnherad.kommune.no>

**Emne:** SV: VS: Salg av areal leikeplass i halsabrotet uskedalen 123/197

Hei!

Sal OK men å overføra beløpet til velforeninga er eg ueinig i. Får stadig henvendingar frå burettslag, velforeningar osv om behov for bidrag til tiltak i feltasom eg må avvisa.

Med helsing

**Per Inge Naterstad** | *Einingsleiar Veg og Park*

Mobil: +47 412 41 890

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



**Fra:** Sigbjørn Øye <[sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no](mailto:sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no)>

**Sendt:** onsdag 10. juli 2019 18:55

**Til:** Grethe Marie Sandvik <[grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no)>

**Kopi:** Jarle Fossheim <[jarle.fossheim@kvinnherad.kommune.no](mailto:jarle.fossheim@kvinnherad.kommune.no)>; Per Inge Naterstad <[per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no](mailto:per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** Re: VS: Salg av areal leikeplass i halsabrotet uskedalen 123/197

Sjølvsagt må vi føreta ei grensejustering.

Kor vidt Velforeninga skal få kr. 9.000,- er eg meir skeptisk til, men De avgjer .....

SØ

Sendt fra min iPhone

10. jul. 2019 kl. 11:51 skrev Grethe Marie Sandvik <[grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no)>:

Hei

Kvinnherad kommune har fått søknad frå Johan Sunde, eigar av gnr. 123 bnr. 215, om grensejustering mot kommunal eigedom gnr. 123. bnr 197.

Dette området har i alle år vore nytta som ein del av hagen til 123/215, og ved ein feil så vart garasjen til 123/215 på 1970-talet bygd litt innpå kommunal grunn.

I følgje kommunekartet, så er det ikkje reguleringsplan for dette området, men i kommuneplan, så er dette arealet regulert til bustadområde.

Når vi ser på flyfoto, så ser vi at dette arealet grenser til eksisterande leikeplass i Halsabrotet.

Ut frå dagens bruk, regulering og flyfoto,... og for å få bygningsmassen til 123/215 inn på eigedommen, så har eg sagt at det er ok for kommunen å gjennomføre grensejustering.

Pris for kjøp blir:

Grunnkjøp: Vedtak i Kvinnherad Formannskap den 8.2.2007 er at for sal av mindre tilleggsareal i regulert bustadfelt skal Kvinnherad kommune nytte kr 100,- pr m<sup>2</sup>.

Prisen skal indeksregulerast fram til tidspunkt for overdraging. Pris grunnkjøp pr 24.06.2019 er ut frå dette kr 131,- pr m<sup>2</sup>.

I tillegg til vederlag for kjøp av grunn så vil kjøpar måtte dekke alle kostnader med delingssøknad, kartforretning/grensejustering, og evtnt kostnader med overføring av areal/tinglysingsgebyr mm.

Med bakgrunn i dette så vil eg tru at kostnaden med kjøp/grensejustering vil bli omtrent:

- Kostnad grunnkjøp:	kr 131 kr x 70 m <sup>2</sup> :	kr 9 170,-
- Delingssøknad, regulert område:		kr 3 910,-
- Arealoverføring: 0 – 250 m <sup>2</sup> :		kr 12 669,-
		<hr/>
Samla kostnad for arealoverføringa vert estimert til ca		kr 25 000 – 30 000.

Som de ser ut frå e-post under, så ynskjer no Halsabrotet Vel at penger, (ca 9 000,- kr) for dette arealet burde tilfalle leikeplassen til ein sårt trengt oppgradering av området.

Håper de kan gje meg ei tilbakemelding om kva de tenker i denne saka.

Med helsing

**Grethe Sandvik** | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** bengt ole myklebust [<mailto:bengt-ole.myklebust@hotmail.com>]

**Sendt:** 9. juli 2019 00:34

**Til:** Grethe Marie Sandvik <[grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** Salg av areal leikeplass i halsabrotet uskedalen 123/197

Hørte det skulle selgast areal av leikeplassen.burde ikkje dette varslast velstyre v kjetil hauge? penger for dette arealet burde vel evt tilfalle leikeplassen til en sårt trengt oppgradering av området så barna kan leke trygt .alt av lekestativ som er privatfinansiert er i elendig forfatning...

Mvh Halsabrotet vel

<Søknad om grensejustering, tilleggsareal til 123-215 fr 123-197, 19.06.2019.pdf>

<Kartskisse.pdf>